



Vår dato:

05.07.2024

Vår ref:

2016/4751

Dykkar dato:

Dykkar ref:

SULA KOMMUNE  
Postboks 280  
6039 LANGEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

## Løyve etter forureiningslova til utslepp frå Kongshaugen reinseanlegg i Sula kommune av kommunalt avløpsvatn frå delar av tettbygd område Ålesund

---

Vedtak om løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn på inntil 66 000 personekvivalentar (pe) frå Kongshaugen reinseanlegg i Sula kommune, tettbygd område Ålesund.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fatta vedtak om løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatten for tettbygd område nr. 387 Ålesund, dette område inkluderer deler av Ålesund og Sula kommune.

I løyve er det stilt krav om sekundærreinsing for alle utslepp som er større enn 50 pe i tettbygd område, det er og satt krav til overvaking av resipienten kvart tredje år. Frist for full tilknytning og drift av anlegget er **31.12.2027**.

Løyve er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16, 22 og 40 og forureiningsforskrifta kap. 14.

Statsforvaltaren fattar vedtak om gebyr på kr. 221 600,- for handsaming av saka.

Vedtaket om løyve kan påklagast av dei saka gjeld eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker.

---

Vi viser til søknad av 26. september 2023 og til opplysningar som har kome inn under sakshandsaminga.



## Om søknaden

Sula kommune har søkt om løyve til utslepp av avløpsvatn frå delar av tettbygd område Ålesund, dette område inkluderer deler av Sula kommune og deler av Ålesund kommune, avløpsvatnet skal førast til Kongshaugen reinseanlegget som skal ha ein kapasitet på 66 000 pe.

Det er søkt overførings- og transportsystem og reinseanlegg med sekundærreinsing som reinseprosess og utslepp i Storfjorden.

I samband med søknaden har Rådgivende Biologer AS gjort ein konsekvensutgreiing av marint naturmangfald, denne har tatt utgangspunkt i influensområde til utsleppsleidningen. Nemko Norlab har laget ein rapport med sprengingsberekningar for lukt. I samband med reguleringsplanen for område har det blitt utarbeida ein konsekvensutgreiing og det har vært gjennomført arkeologiske utgravingar.

Det er Sula kommune som står som ansvarleg søkar og vil vere ansvarleg for dei krav som er stilt i løyve. Viss det vert oppretta eit IKS som skal ver ansvarleg for leidningsnett og reinseanlegget, må det søkast om ei endring av løyve, dette grunna at vikårstillinga er ulik for kommunar og IKS.

Dei anlegga som ligg i Ålesund kommune er medrekna i belastninga inn på anlegget, men sidan Sula kommune ikkje kan ver juridisk ansvarleg for leidningsnett og pumpestasjonar i Ålesund, må det utarbeidast ein privat rettsleg avtale mellom Ålesund og Sula kommune som gjeld frå tilkoplingspunktet.

Det vil etter søknad bli gitt eige løyve til Ålesund kommune som gjeld leidningsnett og pumpestasjonar.

## Bakgrunn

Prosesen fram til bygging av nytt avløpsreinsanlegg på Kvasneset i Sula kommune har vore lang. Det har vært ulike tilnærmingar til korleis ein skal løyse utfordringa med reinseanlegg som ikkje reinsar i medhald av krav. Ålesund og Sula kommune har i lengre tid ikkje hatt tilfredsstillande reinsing av avløpsvatn frå fleire av sine reinseanlegg.

Det har vore ein del ueinigheiter om plassering av nytt avløpsanlegg og om det heller skulle ha vært ein oppgraderinga av eksisterande anlegg. Etter at det ble bestemt bygging på Kvasneset har det tatt tid å få godkjent reguleringsplan og erverv av grunn før ein kunnes starte prosessen med søknad og klargjering for bygging av nytt reinseanlegg. Reguleringsplan som omhandlar bygging av Kongshaugstranda reinseanlegg vart vedteken av Sula kommune 4. mai 2023, plana ble påklaga og endeleg stadfesta av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 11. desember 2023, plan ID 2021002134. Det er vedteke at Kongshaugen reinseanlegg ska byggjast som eit fjellanlegg kor administrasjonsanlegget blir i dagen.

Slik søknaden føreligg i dag skal Kongshaugen reinseanlegg skal erstatte 11 anlegg, 3 av desse er i Sula kommune og resten i Ålesund kommune. Mange av dei anlegga som vert erstatta overheld i dag ikkje krava til ei enklare form for reinsing, primærreinsing. Dagens krav til avløpsreinsing har blitt strengare og nye anlegg som Kongshaugen reinseanlegg får krav om sekundærreinsing.



## Midlertidige reinsekrav for Sula kommune

Sula kommune har i dag tre reinseanlegg innanfor tettbygd område som ikkje tilfredstillar dei krav som er stilt i gjeldande løyve.

RA Sunde har i dag ikkje løyve, dette var tidlegare eit direkteutslepp, Sula kommune har her satt ned ein slamavskiljar for å betre på tilhøva. RA1 Langevåg og RA2 Djupvika har løyve som blei gitt av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2000, delar av dette løyvet er i dag erstatt av forskrift. Forskriftskravet er sekundærreinsing, dette er eit krav som desse anlegga ikkje klarar. Anlegga blei i si tid bygd som sil-anlegg og det bør derfor vere mogleg å klare kravet til primærreinsing. Statsforvaltaren har ikkje moglegheit til å godkjenne enklare reinsing enn primærreinsing. For nærare utgreiing sjå løyve punkt 3.2.3.

## Saksframstilling og grunngjeving

### Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

Vedtaket som er fatta er gitt med bakgrunn i lover/forskrifter som er nemnd under. Vi har gått igjennom valt reinseløysning og satt krav til utsleppet som er i samsvar med dagens regelverk. Søknaden har vore på høyring og høyringsinnspela er kort presentert under. Det er gitt ein oppsummerande kommentar på høyringsinnspela. Dei relevante uttalane som har kome inn er vurdert ved kravstilling i løyvet.

### Høyring og høyringsuttaler

Søknaden har vore på høyring i perioden 25. november 2023 til 5. januar 2024. Høyringa vart kunngjort i Sunnmørsposten og Sulaposten, samt på heimesida til Sula kommune, Ålesund kommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Statsforvaltaren har motteke 5 høyringsinnspel.

#### Frå Einar Haram

Høyringsuttalen påpeiker at sjøvatn er tyngre enn ferskvatn og eit utslepp av ferskvatn kan/vil stige til overflata. Vedlagt høyringskommentaren er eit bilete som syner dette, bilete er tatt utanfor RA4 Åse. Det bli stilt spørsmål om kva som vil skje med overflatevatn som kjem opp. Ved fløande sjø går straumen frå Storfjorden via Vegsundet til Borgundfjorden. Det vert opplyst om at denne problemstillinga ikkje er med i konsekvensutgreiinga og det vert stilt spørsmål om kva konsekvensar dette kan få.

#### Frå Charlotte Pedersen og Frode Hansen

Ynsker ikkje at anlegget skal byggjast der folk bur og verkar.

Meiner at pipehøgda er for lav, og at ei høgare pipe vil gje mindre lukt problem. Utsleppspunktet ligg nær busetnad og ynsker at dette skal forlengast slik ein trygt kan bade. Det er og eit ynskje om at reinsegraden skal vere 95 %

#### Frå Ivar Cock-Olsen

Det vert i høyringsinnspelet kommentert prosessen om val av lokasjon for anlegget, starta i feil ende, og at område som blei vurdert har vore for snevert.

Det er vist til vassforskrifta § 4 om at overflatevatn skal beskyttast mot å bli dårlegare og forbetrast med sikte på minst god økologisk potensial og god kjemisk tilstand. I dette området er det god økologisk og dårleg kjemisk tilstand.



Cock-Olsen syner til rapporten frå Multiconsult som skisserer at Lahellestranda er det best egna utsleppspunktet, hen meiner at dette tyder på at slutningane var tekne før oppdraget med å skrive rapporten vart gitt. Og at ein seinare har argumentert for å rettferdiggjering av det valet som vart tatt. Cock-Olsen meiner at ingen av utsleppspunkta som skulle vurderast ligg innanfor lovverket.

Det vert vist til vann-nett og den informasjon som finnes om lokaliteten der, ut frå dette meiner han at utsleppspunktet er ulovleg og at eit utslepp frå avløpsreinseanlegget vil føre til ein forverring av tilhøva i vassførekomsten.

Det går vidare fram av høyringsinnspillet at det er ei bekymring for at verneområdet for sjøfugl vil bli negativt påverka av organisk stoff. Det vert og framheva at den dominerande vindretninga gjer at ei eventuell luktspreiing frå anlegget vil kunne påverke fleire tusen innbyggjarar i nærleiken. Det vert vidare kommentert at straummålaren i periodar var ute av drift. Og at det er lokalt kjent at overflatestraumen går inn i Vågane. Han meiner at det derfor er vanskeleg å sjå føre seg at kloakken frå Kvasneset skal gå ein annan veg.

Det vert vidare vist til § 7 (plikt til å unngå forureining) og § 78 (straffeansvar for forureining), samt til § 13 (meldeplikt og konsekvensanalysar for verksemd som kan medføre større forureiningsproblem). Han meiner ut frå dette at det må gjerast tiltak som sørger for at ein unngår forureining i strid med lova.

#### Frå Bernt Per Aspehaug

Har sendt inn fleire kommentarar og rapportar som tek føre seg påverknader på vassmiljø og kva konsekvensar det kan ha.

Han har særleg sett på konsekvensen med oksygensvikt i boten av fjordar, ein av kjeldene til oksygen svikt kan vere forureining.

Det er vist til undersøkingar som er gjort i Hardangerfjorden på oksygen og nitrogen i dei djupare lag av fjorden. Det vert nemnd at auke i temperatur i vassmassane kan vere ein medverkande faktor til at oksygenivået går ned, ved minkande oksygenivå blir omsetninga av næringsstoff dårlegare. Andre faktorar er tersklar på botnen som hindrar strømming i dei djupare laga av fjorden. Han meiner det burde ha vore gjort undersøkingar på O<sub>2</sub> innhaldet i Storfjorden, da kanskje innanfor influensområdet til utsleppspunktet. Det blir og framheva at det er viktig at det vert nytta reinseteknologi som stabilt har ei reinsegrad på nærare 90 %.

#### Frå Frode Erling Hansen

Kommenterer at det naudutsleppet frå reinseanlegget er tenkt ført ut i Vågane rett øst fot land på 20 meters djup. Dette er eit område med mange naturverdiar og er registrert som naturreservat. Søknaden inneheld ikkje informasjon om vasstraum og styrke på denne, det er heller ikkje gjort undersøkingar av botn. Det vert uttrykt bekymring om at klimaendringar saman med større mengder regnvatn på avløpsnettet kan føre til hyppige overløp som kan ha negativ konsekvens. Han opplyser vidare at området er brukt som fiskeplass i tillegg til rekreasjon i form av ulike fritidsaktivitetar og bading.

#### Frå John André Molvær

Molvær har skrevet eit høyringsinnspel på totalt 20 sider. Høyringsinnspillet er delt inn i seks delar. I punkt ein og to blir bakgrunnen for bygging av felles reinseanlegg problematisert. Statsforvaltaren sin oppgåve i denne saka er å behandle søknaden om løyve som vi har mottatt. Vi vil derfor ikkje gå nærare inn valet om felles reinseanlegg for Sula og Ålesund eller den teknologiske løysninga som er valt i prosjektet.



I punkt tre drøfter Molvær Sula sin avløpshistorikk og kva som er gjort og burde ha vært gjort fram til godkjent reguleringsplan i dag. I del fire er vassforskrifta tema, det er sett på kva som er krav i vassforskrifta opp mot den kunnskapen som ligg føre og kva som innsendaren meiner kan bli konsekvensane av eit utslepp. Del fem går på at valt løysning av teknologi gir et dårleg kost-nytte forhold. I del seks ytres det manglande tillit til prosessen i denne saken, og generelt.

Vi har gått igjennom heile innspelet til søknaden som Molvær har presentert, men sidan det er valt metode for reinsing og kva for anlegg som skal overførast til Kongshaugstranda vil synspunkt på dette ikkje bli gått nærare inn på.

### Statsforvaltaren sin kommentar til høyringane

Det har i høyringsinnspela vore gjennomgåande misnøye til prosessen som har vært i forkant av søknaden. Vi vil her poengtere at Statsforvaltaren ikkje har ein rolle i å bestemme kor eit anlegg skal plasserast, om det skal byggast eit eller fleire anlegg eller om ei skal oppgraderte eksisterande anlegg. For at ein skal kunne gje eit løyve må det vere regulert til føremålet i plan. I dette høvet har planprosessen vert lang, plana som var vedteke vart på klag og har blitt klagesaksbehandla. Når vi gjer løyve til tiltaket er det med bakgrunn i godkjent reguleringsplan. Det er kommunen som har valt reinseprosess, men som mynde set vi vilkåra i løyve til kor myke det skal reinsast. Vi har i vår handsaming av løyve sett spesielt på dette med lukt, her er krava satt ut frå dei anbefalingar som er gjer av ekspertise på fagfeltet. Vi har etterspurt ei kartlegging av badeplassar, den informasjonen vi fekk frå kommunen synte ikkje at de var badeplassar i nærleiken. Men vi er gjort kjent med at det er bading og fiske i Vågane og har ut frå det satt strengare krav til naudoverløp enn det er søkt om. Det er satt krav om at reinsa avløpsvatnet skal førast til minst 60 meter djup og 300-350 meter frå land. Naudoverlaup skal førast 140 meter frå land til 20 meter djupne. Det er i tillegg stilt krav om prøvetaking i dei periodane det er naudoverløp. Når det gjeld ytringa om at ei vil kunne dokumentere avløpsvatn gjennom Vågane til Borgundfjorden, så vil nok dette vere godt fortynde og innblanda i vassmassane. Det er derfor lite truleg at ein kan dokumentere påverknad frå avløpsanlegget i Borgundfjorden.

Når det gjeld vurderingar i høve naturmangfald og vassforskrifta har vi vurdert dette ut frå den kunnskapen som føreligg for område. Men det er ikkje gjort ein nærmare vurdering av oksygeninnhaldet i botnen av Storfjorden, vi meiner at bidraget frå dette anlegget ikkje vil påverke tilhøva så sterkt at kommunen kan påleggast ei slik undersøking for vassførekomsten. Storfjorden er ein stor vassførekomst med mange ulike kjelder til påverknad, ut sleppet frå reinseanlegget vil berre utgjere mellom 2-6 % av dagens belastning.

### Vedtak

Sula kommune får utsleppsløyve på vilkår til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå delar av tettbygd område i Ålesund tilsvarande 66 000 personekvivalentar (pe).

Det er satt krav til sekundærreinsing for alle utslepp større enn 50 pe i tettbygd område. Reinsekrava skal overhaldast innan 31.12.2027. Krav som er satt i løyve er lista opp i tabell 2 i løyvet.

Krava til overvaking skal fylje krav i forureiningsforskrifta og vassforskrifta.

Løyve er gjort med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16, 22 og 40 og forureiningsforskrifta kap. 14.



## Regelverk

### *Forureiningslova*

Når statsforvaltaren vurderer om løyve til forureinande verksemd skal gjevast, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på ulempene med forureininga som tiltaket fører med seg, samanlikna med fordelane og ulempene tiltaket elles vil ha, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga har vi særleg ta omsyn til kor akseptabel den søkte verksemda er, sett i lys av formål og retningslinjer i forureiningslova §§ 1 og 2.

### *Forureiningsforskrifta*

Forureiningsforskrifta kap. 14 gjeld for utslepp av kommunalt avløpsvatn frå tettbygd område med samla utslepp større enn eller lik 2000 pe til ferskvatn og til elvemunning, eller større enn 10 000 pe til sjø. Kapittel 14 gjeld ikkje for utslepp av sanitært avløpsvatn frå avløpsreinseanlegg med utslepp mindre enn 50 pe.

Vi gjer merksam på at kjem endringar i nytt EU-direktiv, når nytt EU-direktiv blir endra kan grensene som er nemnd over blir endra.

### *Naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova sitt forvaltningsføremål i §§ 4 og 5 er basis for utøving av Statsforvaltaren sin mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlaget, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer slutningar som gjeld naturmangfald.

### *Vassforskrifta*

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027, med mindre det er gitt unntak med heimel i forskrifta §§ 9 eller 10.

### *Plan- og bygningslova*

Plan- og bygningslova § 27-2 avløp har krav om at før oppretting av eller endring av eigedom til busetnad eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortleiing av avløpsvatn vere sikra i tråd med forureiningslova.

## Statsforvaltaren sine vurderingar

Formålet med løyve er å verne miljøet mot uheldige påverknadar frå utslepp av kommunalt avlaupsvatn, krav i løyve skal ikkje vere til hinder for at ein kan oppnå god kjemisk og økologisk tilstand i dei vassførekomstane det gjeld. Løyvet set krav om tilfredsstillande oppsamling, transport og reinsing av avløpsvatn, i tillegg til krav om at tiltak blir satt inn for å hindre forureining frå overløp og lekkasjar på avløpsnettet.

Vi har lagt vekt på kva ein kan oppnå ved bruk av dei best tilgjengelege teknikkar. I tillegg til retningslinjene i forureiningslova er også prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og føringane i vassforskrifta lagt til grunn for vår vurdering.

Vi ser positivt på at det nå vert søkt om og bygd eit nytt reinseanlegg med sekundærreinsing for delar av Sula og Ålesund kommune. Dette vil vere til i betring for vassmiljøa som har motteke avløpsvatn som ikkje har vore reinsa i samsvar med krav.



Det nye anlegget krev 37 km med overføringsleidningar, mykje av dette vil vere sjøleidning, vurdering av påverknad ved legging av desse leidningane er ikkje ein del av dette løyve. Det vil bli etablert 7 nye pumpestasjonar for å føre avlaupsvatnet fram til reinseanlegget, eit eventuelt overløp frå desse er regulert i løyve.

#### *Vurdering av miljøpåverknad frå avløpsvatn til sjøområde*

Avløpsvatn frå kommunale avløpsreinseanlegg vil ha ein påverknad på sjøområda med tilførsel av nærings salt, organisk stoff, bakteriar, virus og tungmetall frå bustad- og næringsområde. Verknader på resipienten vil vere knytt til spreining av oppløyst nærings salt og fin partikulært organisk materiale i vassmassane. Det er ikkje venta at utsleppet vil påverke den kjemiske samansetninga i vassførekomsten.

Kor godt det organiske materiale vert spreidd er avhengig av straumtilhøva. Målingar som er gjort av straum viser særst gode straum tilhøve i heile vassøyla og ned mot botnen, straumen var særst sterk på botnen. Det er noko varierende straumretning, men hovud-straumretning ser ut til å mot vest, sørvest på dei flest djup, medan botenstraumen går meir mot søraust-nordvest den aukar og i styrke når den kjem lenger ned. Det er gjort ein modellering av spreining og fortykning som viser stor variasjon i høve til om det er mykje eller lite avrenning frå ferskvatn.

Ved høy avrenning vil ikkje straumen frå utslippsleidningen nå til overflata, mens det ved mindre ferskvatn-avrenning kan komme fortynta ferskvatn opp i overflata, vatnet som stig opp vil ha ein høg grad av fortykning og spreie seg mot aust og vest.

Reinsegraden på avløpsvatnet ut frå Kongshaugstranda reinseanlegg er mykje betre enn dei anlegga som er i dag, men det vil vere ei auke i organisk belastning på fjordsystemet sidan ni av elleve anlegga ikkje har utslepp til Storfjorden i dag.

Utløpet frå reinseanlegget vil komme i Flisnesfjorden/Storfjorden, heilt søraust på øya Sula, det er i tillegg søkt om naudoverløp til Vågane som ligg aust for Kvasnes, dette sjøområdet djupner mot Flisfjorden i sør og grunnast mot Vegsundet i nord. I opninga mot Flisfjorden, mellom Kvasnes og Flisneset ligg Flisnesholmen.

Utsleppleidninga skal plasserast i sjøområdet sør for Kvasnes ca. 300-350 meter frå land og på 60 m djupne ligg ope ut mot Storfjorden, leidningen vert anbefalt å leggast lengst mogleg mot vest. Botnen skrånar her moderat bratt ned mot botnen av Storfjorden, som er vel 430 meter djup på høgde med Kvasnes. Største djup i ytre del av fjorden er knapt 500 m.

Økologisk tilstand er for dette området kategorisert som god basert på biologiske klassifiseringsdata, presisjonen av data er høg. Kjemisk tilstand for vassførekomsten er dårleg, presisjonen av data er opplyst til å vere middels. Grunnlaget for dårleg kjemisk tilstand er høge førekomsttar av tributyltinnkation og antracen, jf. vann-nett (<https://vann-nett.no>), utsleppet frå Kongshaugen reinseanlegg vil ikkje påverke den kjemiske tilstanden i fjorden.

Det er berekna at utsleppet sitt bidrag til den totale mengda nærings salt i området langs land frå utsleppet og inn mot Vågane ligg i storleiksorden 1-5 %. Det vil såleis kunne bli vanskeleg å skilje effektar av utsleppet frå naturleg variasjon i fjorden. Tiltaket vil medføre ei auka samla belastning på økosystemet, men det er vurdert at tiltaket i liten grad vil påverke sjøområdet utanfor Kvasnes. Basert på eksisterande informasjon er det lite truleg at dette tiltaket vil overstige bereevna til resipienten. Vi vurderer at utsleppet ikkje vil være til hindre for å nå miljømåla i vassforskrifta.

#### *Vurdering av naturmangfald*

Naturmangfaldlova sitt forvaltningsmål i §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltaren si mynde. Prinsippa i §§ 8-12 skal vurderast, når det gjeld kunnskapsgrunnlaget er dette vurdert som godt. Grunnlaget for vurderinga er at det er utført kartlegging av botn område med ROV, dette gjer



tilstrekkeleg oversikt over utbreiing og omfang av viktig naturmangfald i influensområde, og saman med eksisterande informasjon er dette tilstrekkeleg for vurdering av påverknad frå utsleppspunktet. Det er knytt noko usikkerheit til avgrensing av fire lokalitetar av større tareskogförekomstar dess er vurdert til middels verdi og tre korallförekomstar (Kvit hornkorall) ca. 500 til 890 meter frå utsleppet som er vurdert til svært viktig naturtype (A-verdi). Det er vidare knytt noko usikkerheit til i kor stor grad partiklar vil sedimentere innanfor influensområde og korleis korallskog kan bli negativt påverka av organiske tilførslar. Modellane syner at det er små mengder organisk materiale som vil kunne sedimentere på korallförekomstane. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre ein alvorleg og irreversibel skade på naturmangfaldet, det blir satt krav om overvaking av desse förekomstane for å dokumentere dette (§ 9). Utsleppet frå Kongshaugen reinseanlegg vil gjer at den samla belastninga (§ 10) for resipienten vil auke, det er berekna at utsleppet vil utgjere ca. 2-6 % av dei årlege tilførslane i område. Tiltaket vil i liten grad påverke sjøområdet utanfor Kvasnes. Utsleppet frå reinseanlegget vil ha betydeleg mindre tilførslar av organisk stoff enn eit gjennomsnittleg oppdrettsanlegg, samt at det frå reinseanlegget vil vere oppløyse næringsstoff og finpartikulært materiale som kjem ut. Basert på informasjon som ligg føre er det lite truleg at dette tiltaket vil overstige bereevna til resipienten, og vere øydeleggjande for naturmangfaldet.

Tiltakshavar har kosta undersøkingar i forkant av søknaden og får krav om oppfylgjande undersøkingar for å avdekke eventuell påverknad. Det skal og takast omsyn ved legging av leidning slik at ein unngår/avgrensar skadar på naturmangfald (§§ 11 og 12).

Utslepp frå naudoverløp skal førast til Vågane på 20 meters djup ca. 140 m frå land, dette utsleppet er utanfor det område som er undersøkt i dag, det er derfor stilt krav om undersøking og oppfølging av dette punktet for å kunne oppfylle kunnskapsgrunnlaget. I følgje søknaden er dette eit naudoverløp som sjeldan vil vere i bruk, så belastninga på vassförekomsten vil generelt vere liten, men når det skjer ei hending kan ein få auke i organisk belastning, sidan utsleppet ikkje er jamt vil resipienten etter ei stund gå tilbake til normale tilhøve. Det vert satt krav om E-coli og badevassprøvar når det er utslepp i sommarhalvåret.

I Vågane ligg Vegsundholmane-Veibustholmen naturreservat 4-500 meter frå naudoverløpet. Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald. Sjøområdet med tilnærma urørte holmar og skjær og naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjere ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som blant anna fiskemåke, makrellterne og ærfugl. I tillegg til desse artane er det også registrert fleire måse-, ande- og alkeartar, dvergdykkar m.m. i området til ulike tider av året. Eventuelle overløpshendingar vil ikkje påverke hekketforholda på holmane. I utgangspunktet ventar vi heller ikkje at kortvarige og sporadiske overløpshendingar vil påverke forholda for næringsstoff og opphald i hekkesesongen, eller i overvintrings-/rasteperiodar. Overvakinga det er stilt krav om vil gi grunnlag for å vurdere plasseringa av overløpet etter ei tid med drift.

#### *Lukt og støy*

Krava i løyve for lukt og støy er standardkrav som også vert gitt til industriverksemdar. Vi forventar at avlaupsreinseanlegget vert drifta slik at vilkåra i løyve blir halde, og at naboar ikkje blir utsette for meir lukt og støy enn det som er regna for å vere akseptabelt for denne type verksemd.

Lukt skal vere ein viktig styringsparameter for aktiviteten ved avløpsreinseanlegget. Kommunen skal ha ein oversikt over dei delane av drifta som kan gje lukt, og fortløpande vurdere nødvendige tiltak for å redusere luktutslepp og dokumentere desse. Kommunen skal som ein del av internkontrollen registrere og handtere eventuelle klagar. Ved klage på lukt og støy kan Statsforvaltaren pålegge kommunen å gjennomføre målingar og å sette i verk tiltak.





### *Drift av avløpsreinseanlegget*

Avløpsreinseanlegget skal driftast i samsvar med forureiningslova § 2 punkt 3. Kommunen skal ta i bruk beste tilgjengelege teknologi, for å unngå og å avgrense skade på naturmangfaldet. Kommunen skal bere kostnadane med skade på miljøet. For å unngå eller avgrensa skade, skal det tas i bruk tekniskar og metodar for drift som gjer dei beste samfunnsmessige resultatata.

### *Energi og føringar i nytt avløpsdirektiv*

Statsforvaltaren har ikkje satt kvantitative krav til energiforbruk totalt eller spesifikt energiforbruk. I løyve er det satt krav om at kommunen skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak for å oppnå mest mogleg energieffektiv drift av avløpsreinseanlegget. Systemet skal vere utarbeid på grunnlag av ein grundig gjennomgang av heile verksemda. Kommunen må sette mål for energieffektivitet, og ha ein skriftleg plan for kordan energiforbruket kan reduserast.

Vi gjer merksam på at det vil bli vedteke nytt EU-direktiv for avløp som vil få konsekvensar for Noreg. Vi ser ikkje vek i frå at dette kan få ein innverknad på løyve. Ein av dei faktorane som ikkje har vore tungt vektlagt tidlegare og som kan kome i nytt direktiv er krav til energiforbruk. Her er det føreslege eit krav om kostnadseffektive tiltak for å redusera bruken av energi og auke bruken og produksjonen av fornybarenergi. Slik direktivet føreligg i dag vil det bli satt eit særleg fokus på å identifisere og utnytte potensialet for biogass-produksjon eller gjenvinning av varme.

### [Påverknad frå eksisterande anlegg fram til tilknytning nytt anlegg](#)

Eit utslepp frå eksisterande anlegg innanfor dei grensene som er gitt vil ikkje gje varig skade på miljøtilhøva i sjøområda.

### [Overvaking av sjøområda](#)

Det er satt krav om overvaking av utsleppa frå reinseanlegget til vassførekomsten, det skal gjerast undersøkingar kvart tredje år. Undersøkingane skal tas nær utsleppspunktet og lengre ut for å kunne sjå om det er ein påverknad av resipienten. Undersøkingane skal gjennomførast ut i frå eit overvakingssystem som er godkjent av Statsforvaltaren

Det er i tillegg satt krav om at det skal gjennomførast ein kartlegging av område for naudoverløp, dette område var ikkje ein del av kartlegginga tidlegare, det er derfor behov for meir kunnskap om dette område.

### [Fristar](#)

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak det er stilt krav om i løyvet:

<b>Tiltak</b>	<b>Frist</b>	<b>Referanse</b>
Oppdatere miljørisikovurderingar for det samla avløpssystemet	Årleg	2.6.1
Oversending av ny/oppdatert heilskapleg handlingsplan for kommunens avløpssystem	31.12.2025	2.6.2



Utarbeida/oppdatera tiltaksplan for å redusera tilførsler av overvatn og anna framandvatn til avløpssystemet, samt vurdere behov for reinsing av forureina overvatn	31.12.2025	3.1.3
Vurdere behov for reinsing av overvatn	31.12.2025	3.1.3
Dokumentera årlege utsleppsmengder frå overløp	Fra og med 2029 Årleg	3.1.4, 13.2
Dokumentere leidningsnettets verknadsgrad	31.12.2030 Deretter kvart 3. år	3.1.5, 13.2
Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera innlekking av framandvatn og utslepp frå overløp	Kontinuerleg	3.1.3, 3.1.4
Sanere overløp som er i strid med løyve	31.12.2028.	3.1.4, 3.2
Innføre systematisk kartlegging av utlekking frå leidningsnett	31.12.2030	3.1.4 og 3.1.5
Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera utlekking	Kontinuerleg	3.1.5
Sende oversikt på omfang og status for pågåande utbyggingsprosjekt som kan bli ferdig stilt før driftsstart for det nye reinseanlegget.	31.12.2024	3.2.3
Sende inn eksakt koordinatar for utsleppsleidning og naudoverløp	1.6.2027	3.2.4
Utarbeide klimarekneskap	Årleg frå 2028	4.3
Kartlegging av naturmangfald i området for naudoverløp,	31.12.2026	9
Sende inn forslag til (oppdatert) overvakingsprogram	1.10.2025 Deretter kvart 3. år	9.1 og 9.2
Leggje inn overvakingsdata i Vannett	Innan 1.3, kvart 3. år f.o.m. 2026	9.4
Etablere system for vurdering av energiforbruk	1.6.2028	10.1
Rapportere avløpsdata til forureiningsstyresmaktene via Altinn	Årleg innan 1.3.	13.1
Rapportera driftsdata og vurdering av drifta som vedlegg til Altinn-skjema	Årleg innan 1.3.	9.3 og 13.2

## Konklusjon

Dei krava som er stilt i løyve har som mål å verne miljøet mot skadelege påverknader frå utslepp av avløpsvatn.

Utsleppet frå Kongshaugen reinseanlegg vil lokalt gje ei auke i belastning, men det er ikkje venta at dette vil føre til påverknad av naturmangfald og endring i vasskvalitet.

Når ein ser heile fjordsystemet under eit er det fleire kjelder som har ein større påverknad enn dette utsleppet.



Ut frå dei krav som er gitt til anlegget og den tilstanden som er i Storfjorden i dag er vi ikkje behov for å sette krav til fjerning av nitrogen og fosfor, skulle tilhøva endre seg i resipienten eller at det kjem nye reinsekrav kan dette bli aktuelt å gje nye krav.

### Ansvarstilhøve, tvangsmulkt og endring av løyve

Sula kommunen er ansvarleg for at krav i løyve vert halde, For å sikre at føresegna i forureiningslova eller i løyve vert halde, kan Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fastsette tvangsmulkt til staten, jf. forureiningslova § 73.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor føreligge i god tid før gjennomføring av ønska endring.

At det er gitt løyve til forureining, hindrar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar bedrifta å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for meir informasjon.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

### Vedtak om gebyr

Vi viser til kapittel 39 i *forskrift om begrensning av forurensing* (forureiningsforskrifta) om innkreving av gebyr til statskassa for vår konsesjonsbehandling og til varsel om gebyr sendt til dykk i brev av 6. november 2023. Verksemda skal betale kr 221 600 i gebyr for løyve, iht. sats 3 i § 39-4. Sidan det meste av arbeide med løyve har blitt gjort i 2024 er det valt å bruke beløpet som gjeld for gebyrsats 3 i 2024.

Ressursbruk knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved fastsetting av gebyrsats. Her inngår gjennomgang av søknaden, møter og korrespondanse med søkar, høyring av saka samt endeleg utforming av løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hjå Statsforvaltaren inngår også. Samla ressursbruk er ca. 5 vekeverk.

Faktura vil bli ettersendt frå Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter at fakturaen er mottatt.

### Klage

Partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, kan klage på vedtaket. Fristen for å klage er 6 veker frå underretning om vedtak er komen fram, eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal angi kva det blir klaga over, og den eller dei ønska endringane. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.



Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, slutte at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for nærare opplysningar om dette. Statsforvaltaren kan på også gi meir opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betydning for saka ved etterspørsel.

Klage på gebyrsats blir ikkje gitt oppsettande verking, og det fastsette gebyret må derfor betalast i samsvar med det som er nemnt over. Dersom Statsforvaltaren aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

### Offentleggjing av løyve

Vi sender kopi av dette brev med vedlegg til partar i saken i samsvar til vedlagte adresseliste.

Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspresse. Kunngjeringa skal innehalde en kort orientering om løyve, kor man kan vende seg til for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket. Eit forslag til kunngjeringstekst er vedlagt. Verksemda kan gjerne nytte sin egen logo i kunngjeringa. Statsforvalteren sin logo skal ikkje nyttast. Statsforvalteren vil kunngjere vedtaket på sine nettsider [www.Statsforvalteren.no/mr](http://www.Statsforvalteren.no/mr).

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Gunnhild Liva Austvoll  
Senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå del av tettbygd område i Ålesund og Sula tettstad
- 2 Forslag til kunngjeringstekst

Kopi til:

ASPLAN VIAK AS	Postboks 24	1301	SANDVIKA
ÅLESUND KOMMUNE	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
John Andre Molvær			
Bernt Per Aspehaug			
Einar Haram			
Charlotte Pedersen og Frode Hansen			
FRODE ERLING HANSEN	KVASNESVEGEN 165	6037	Eidsnes
Ivar Cock-Olsen			